



Arkivnr: 2014/12603-1

Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		18.03.2014
Fylkesutvalet		27.03.2014

## Fordeling av investeringsmidlar 2014

### Samandrag

I denne saka vert fordelinga av investeringsmidlar til ulike område i Opplæringssektoren lagt fram. Til saman er det 35 millionar i investeringsmidlar som vert fordelt. Midlane er fordelt om lag til same område og med tilsvarande budsjettsummar som tidligare år. For 2014 er det fordelt 13 millionar kroner til utstyr som følgje av konkrete prosjekt i skulebruksplanen, 7 millionar til Årstad vgs og 6 millionar kroner til Amalie skram. Det kan vere trong for ytterlegare investeringar til utstyr til Amalie Skram, men dette vil ein ha betre oversikt på når bygget er nærmare ferdigstilling og ein ser kva utstyr som kan dekkast av byggeprosjektet.

#### Forslag til fordeling av midlar i kroner:

Utstyrsmidlar til 2014	10 000 000 kroner
IT- midlar	8 000 000 kroner
Innkjøp reinhaldsutstyr	2 000 000 kroner
Innkjøp utstyr Årstad vgs	7 000 000 kroner
Utstyr Amalie Skram vgs	6 000 000 kroner
Brosimulator Bergen Maritime Fagskule	2 000 000 kroner

#### **Forslag til innstilling:**

Investeringsmidla for 2014 vert fordelt slik:

Utstyrsmidlar til 2014	10 000 000 kroner
IT- midlar	8 000 000 kroner
Innkjøp reinhaldsutstyr	2 000 000 kroner
Innkjøp utstyr Årstad vgs	7 000 000 kroner
Innkjøp utstyr Amalie Skram vgs	6 000 000 kroner
Brosimulator Bergen Maritime Fagskule	2 000 000 kroner

Det kan vere trong for å sette av midlar til ytterlegare investeringar til Amalie Skram vgs, men dette vil ein ha betre oversikt på når bygget er nærmare ferdigstilling og ein ser kva utstyr som kan dekkast av byggeprosjektet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 26.02.2014

Investeringsmidlane på 35 millionar kroner i budsjettet for 2014 er foreslått fordelt på 6 områder;

- Utstyrsmidlar
- IT- midlar
- Innkjøp Reinhaldsutstyr
- Innkjøp av utstyr til Årstad vgs
- Innkjøp av utstyr til Amalie Skram vgs
- Innkjøp av brosimulator Bergen maritime vgs

### Utstyrsmidla til dei vidaregåande skulane

Skulane melder om stor trong for investeringar i utstyr, maskiner og inventar. Tidligare har Opplæringsdirektøren hatt 10 millionar kroner årleg i driftsmidlar til dei vidaregåande skulane til dette føremålet. Desse midlane er vorte fordelt kvart år etter søknader frå skulane. Typiske føremål for utstyrsinvesteringar dei siste åra har vore møblar og inventar, kjøp av transportmidlar og fornying av Utstyr til ulike utdanningsprogram. Denne budsjettposten er sidan 2012 redusert til 1 million kroner, og ein er difor avhengig av å bruka investeringsmidlar for å kunne tildela midlar til dei føremåla som skulane har trong for.

I samband med arbeidet med skulebruksplanen kan det koma endringar i dimensjonering og lokaliseringa av dei ulike utdanningstilboda. Ein del skular må då kanskje gjera ein del investeringar og tilpassingar i sine tilbod. Opplæringsdirektøren vil difor prioritera investeringsmidlar til slike investeringar.

### Utstyrsmidlar til vgs

2014 10 000 000 kroner

### IT- midlar

It- området har vore eit satsingsområde dei siste åra, og det er framleis stor trong for investering på dette området. I samarbeid med it- seksjonen er det planar for investeringar i infrastruktur på skulane. I tillegg er det eit mål å utstyre alle skulane med videokonferanseutstyr som gjer at skulane kan samarbeida om fagtilbod. Det er også årleg trong for fornying av pc'ar til lærarane og anna it- utstyr som er i bruk ute på skulane.

### Midlar til IT 2014

Totalt IT- midlar 8 000 000

### Midlar til Reinhaldsutstyr på vgs

Både i 2012 og i 2013 vart det sett av 3 millionar kroner til maskiner og utstyr som vart kjøpt inn til reinhaldarane på skulane. Innkjøpa har gitt ei tiltrengt modernisering av utstyr og maskiner på skulane. For 2014 vurderer ein at trongen for slike innkjøp er noko redusert, men at det framleis er viktig å sikre ein god utstyrsark for reinhald. Det er difor set av midlar til føremålet også i 2014.

### Midlar til Reinhaldsutstyr på vgs

Midlar til reinhaldsutstyr 2 000 000

### Utstyrsmidlar til Årstad vgs

Undervisningslokalane (dvs. verkstadene /romma) på teknologiavdelinga på Årstad vidaregåande skole er under rehabilitering i regi av Eigedomsavdelinga, men verkstads maskinane er gamle og utslitne. Alderen på maskinparken er på inntil 50 år, med ein snittalder på om lag 20 år. Fleire av maskinene er og tatt ut av drift av tryggleikssyn. Verkstadene kan dermed ikkje reknast for nye utan at ein også går til nye investeringar i maskinparken, og skolens renommé og muligheter for eigna opplæring vil avhenge av dette. I samband med den bygningsmessige fornyinga på skulen er det difor naudsynt med ein betydeleg fornying av utstyrsark. Denne fornyinga bør gjerast i takt med rehabiliteringsarbeidet av bygningane. I perioden 2013-2015 ser ein det naudsynt med utstyrsoppgraderingar for om lag 10 000 000 kroner.

Fordi det var forseinkinga med å få på plass naudsynte innkjøpsavtalar på utstyr samt at det var gjort endringar i rekkefølga på ferdigstillinga av verkstader, blei ein forsinka i fornyingsarbeidet. I 2013 vart det kjøpt inn utstyr for rett i underkant av 1 million kroner. Skulen har trong for ei monaleg fornying av utstyret på skulen. Det er sett av investeringsmidlar til dette i 2014 samstundes som ein planlegg vidare oppgraderingar i 2015.

Basert på det som no ligg føre av planar, er difor planane for utstyrsinvesteringar justert slik:

2013: 1 million  
 2014: 7 millionar  
 2015: 2 millionar

#### **Midlar til Årstad vgs 2014**

Midlar til utstyr 7 000 000

#### **Utstyrsmidlar til Amalie Skram vgs**

Utover det som vert dekt av utstyr i byggeprosjekt, vil det vere ein relativt stor trong for investeringar i utstyr for å få skulen fullt operativ frå skulestart.

Dei område som er mest kritisk med tanke på gjennomføring av det daglege undervisningstilbodet på skolen er :

AV-utstyr:	8 millionar
Laboratorieutstyr:	4 millionar
Sjølvetjent bibliotek:	1 million
<u>Sum</u>	<u>13 millionar</u>

#### Audiovisuelt (AV) utstyr til klasserom og idrettshall

Skulen har som ambisjon å vere i på eit svært høgt nivå når det gjeld pedagogisk bruk av IKT i undervisninga. Den budsjettmesige planlegginga av AV- utstyr når skulen vart planlagt, har ikkje vore i samsvar med den teknologiske utviklinga og ambisjonsnivået til skulen. Den teknologien ein no vil bruke i idrettshall og klasserom var heller ikkje tilgjengeleg når skulen vart planlagt. Ved å utruste idrettshallen med egna AV- utstyr vil skulen få ein arena kor heile skolen kan samlast ved ulike arrangement og t.d avslutningar før feriar. Totalt sett vil det vere trong for om lag 8 000 000 kroner til AV-utstyr.

#### Laboratorieutstyr - 8 naturfagsrom

For ei naudsynt grunnutrustning av undervisningsutstyr til naturfagsromma bereknas om lag 0,5 millionar per rom. Skulen har 8 slike spesialrom. Totalt vil det difor være trong for 4 millionar kr til utstyr.

### Sjølvbetjent bibliotek

Skulen vil etablere eit sjølvbetjent bibliotek for å redusere administrasjonstrongen og auke tilgjengelegheita på biblioteket for elevane. Dette vil krevje ei ekstra investering utover det som ligg i byggeprosjektet. Det er vesentleg for å etablere ei god drift av biblioteket at denne ordninga er på plass ved skulestart. Kostnaden til dette er berekna til 0,6 millionar kroner

Med omsyn til investeringstrongen i utstyr på dei andre skulane finn ikkje Opplæringsdirektøren rom for å prioritere meir enn 6 millionar kroner til Amalie Skram innanfor dei 35 millionane som ligg i budsjettet. Det vil vere trong ytterlegare investeringar i utstyr i samband med oppstart av skulen, dette vil ein difor kome tilbake til seinare.

### **Utstyrsmidlar til Amalie Skram vgs 2014**

Midlar til utstyr 6 000 000

### **Brosimulator Bergen Maritime Fagskole**

Bergen Maritime fagskole treng ein ny brusimulator til nautikkutdanninga (skipsoffiser). Dagens brusimulator har svært mykje nedetid på grunn av feil og manglar og er utdatert i høve til krav sett i STCW-konvensjonen. I tillegg er sjølve simulatoren så gamal at det ikkje er hensiktsmessig med ytterlegare oppgraderingar.

Ein ny simulator vil koste om lag 4 000 000 kroner. Opplæringsdirektøren legg til grunn at halvparten av denne kostnaden kan dekkast av skulen sitt disposisjonsfond.

### **Brosimulator Bergen Maritime Fagskole**

Midlar til innkjøp 2014, 2 000 000